Menighetsbladet



Nr. 1 Mars 2026 51. årgang

Fasteaksjonen tirsdag 24. mars

Andakten av Preben Colstrup



Slaget på Stiklestad og andre slag

Se for deg at vi kunne reise 996 lysår ut i verdensrommet og hadde tilgang på en kjempekikkert. Da kunne vi ha vært øyenvitner til slaget på Stiklestad i 1030. Jeg har aldri hørt om noen som har opplevd dette. Men det finnes mange slags slag, bare spør Muhammed Ali. Han både fikk og gav slag. Og vi hører om slaget ved Svolder og slaget ved Hafrsfjord, for å nevne noen. I tillegg hører vi om sju slag som rammet egypterne på grunn av en gjenstridig farao.

Selv ble jeg rammet av et kraftig slag litt sør for Stiklestad i august i fjor. Det kom plutselig. Men heldigvis, 15 minutter senere var jeg innlagt som pasient på St. Olavs hospital i Trondheim. Det gikk faktisk bedre med meg enn det gjorde for kong Olav Haraldsson, til tross for at han ble erklært hellig etter fremveksten av negler, hår og skjegg etter hans død.

Men det kraftigste slaget og som har fått størst betydning for denne verden, var slaget mot en konge med tornekrone. Han gjorde ikke motstand da de grep Ham, Han ble ført bort som et lam for å slaktes, Han åpnet ikke sin munn. Han visste hvorfor: Han var et sonoffer for alle våre synder. Enda en gang skal vi få undre oss over det største under av alt: Han døde for oss. God påske!

Minnenes album

Bildet er tatt ikke langt fra der veien forbi Leira går i dag - i retning nordøst mot Målabukta. Vi ser Bortistua med den gamle "skulstuå" i hagen og Oppistua. Videre kan vi skimte noen av de gamle husmannsplassene bl.a Stranda, Steinhaugen, Nermyra (Nergård), Ytter- og Innermålen.
Det er litt usikkert når bildet er tatt - trolig rundt forrige århundreskifte, ca. 1900 -1905. Våningshuset i Bortistua er nok det som framstår mest likt med det vi kan se i dag. Forøvrig er det kanskje mangelen på busker og trær som er mest slående.

Arnstein Brevik

Påskemøte på Aure Misjonshus

Palmesøndag 29.mars kl 16.00
- Andakt v Lars Olav Lundø
- Aure misjonskor deltek
- Bevertning

Arr. Imf

Vel møtt!

Minnegåve

Ved Oddrun Vaag sin gravferd, den 20. februar 2026, vart det gjeve ei minnegåve på kr. 7.350,- til Menigheitsbladet.
Hjarteleg takk for pengane og for omtanken!

Eldres Hyggestund

- April: 9 april
- Mai: 7 mai
- Juni: 11 juni

Smånytt:

Estlandskveld på Aure Misjonshus fredag 10 april kl. 19.00. Vi får besøk av Anatoli med sin kone fra Narva
50- års konfirmanter Tustna i Gullstein kirke søn. 2 august kl. 11.00
50- års konfirmanter Aure og Stemshaug, i Stemshaug kyrkje søn. 9 august kl. 11.00

Min salme av Johannes Kalland



Det var overraskande å bli utfordra til «min salme» som medlem av songlaget. Men det stemmer godt, eit langt medlemskap der, og mange gode songminner derifrå. Når det gjeld påskesongar har eg minner frå min oppvekst på småbruket i Breivika. Far var som oftast tidleg oppe, og når påskehelga nærma seg, hende det ein vart vekt av klar song frå første etasje. Da var det ofte salma: «Påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid» – som høyrdest. Det får difor bli mi helsing til gode sambygdingar denne påska.

Påskemorgen slukker sorgen

Påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid;
Den har oss givet, lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen slukker sorgen, slukker sorgen til evig tid.

Redningsmannen er oppstanden, er oppstanden i morgengry!
Helvede vredes, himmelen gledes,
himmelen gledes med lovsang ny.
Redningsmannen er oppstanden, er oppstanden i morgengry!

Sangen toner, vår Forsoner, vår Forsoner til evig pris;
Han ville bløde for oss å møte,
for oss å møte i Paradis.
Sangen toner. vår Forsoner, vår Forsoner til evig pris.

Tekst: Grundtvig 1843
Melodi: Lindeman

Fem på gata...

I hvilken kirke ble du konfirmert? Har du et godt minne fra konfirmanttiden?

Anna Lovisa Melland
Aure kyrkje.
Jeg fikk meg ny bunad. Da måtte jeg gå Finsetstien over til Skar til skredder Gundersen for å ta mål av bunadsvesten.

Anders Haltbakk
Aure kyrkje.
Sei det… Mykje gode minner. Vi var til Geir Gudvangen og hadde undervisning der. Det var Foldfjord-gjengen som var der. Dei som gjekk på Straumsvik skule.

Solveig Holmen Oldervik
Aure kyrkje.
Vi hadde sånne samlinger. Vi var på Tunga Villmarksleir. Der grillet vi og padlet i kano. Vi hadde det veldig artig.

Bjørnar Helle
Aure kyrkje.
Ja, det har jeg. Jeg bodde i Foldfjorden, på Ertvågsøya. Vi gikk til presten, som vi sa. Vi var på Aure i 14 dager/3 uker. Da bodde jeg hos tanta mi. Det var en fin tid.

Magnus Løvold
Stovner kirke.
Ja, det har jeg. Forkynneren 4:9-12. «Det er bedre å være to enn én; de får god lønn for sitt strev. For om de faller, kan den ene hjelpe den andre opp. Men stakkars den som er alene! Faller han, er det ingen som kan reise ham opp. Når to ligger sammen, blir de varme, men hvordan kan den som ligger alene, holde seg varm? Om én blir overvunnet, kan to holde stand. En tretvinnet tråd ryker ikke så fort». Jeg ble interessert i bibelen. Det var morsomt og trivelig på konfirmantleir.

Vi står midt i en tid preget av krig og uro. Krigen i Ukraina fortsetter å rive mennesker bort fra hjemmene sine, og i Midtøsten mister familier alt de eier på et øyeblikk. I konflikter som dette blir tilgang til noe så grunnleggende som rent vann, ofte ødelagt først. På toppen av dette ser vi nå dramatiske kutt i bistanden til verdens fattige. Konsekvensene av dette er allerede tydelige i mange land.

Nesten 800 millioner mennesker lever uten tilgang til rent vann i verden i dag, og i krigsområder øker behovet dramatisk fra en dag til den neste. Men det er håp! Kirkens Nødhjelp arbeider både med akutt bistand i katastrofesituasjoner og langsiktige prosjekter for å redusere nød og fattigdom. Vi jobber for fred, rettferdighet, og for å redde liv.

Det er lett å bli motløs. Men du kan faktisk gjøre noe! Nettopp i disse dager må vi samle alle gode krefter og gjøre hva vi kan for de mest sårbare. Gjennom fasteaksjonen samler vi inn penger til det livsviktige arbeidet som gjør det mulig for Kirkens Nødhjelp å være til stede for millioner av mennesker som trenger det mest.

Tekst: Kirkens nødhjelp

KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Fasteaksjonen 2026

Dato for årets innsamling i Aure er tirsdag 24. mars, men vi har åpnet for muligheten til å gå søndag 22. og mandag 23. mars om det passer bedre for bøssebærerne.

Ta godt imot årets konfirmanter samt andre frivillige og vær med og støtt en god sak!

Konfirmanter i Aure, Stemshaug og Tustna 2026

Aure kyrkje 2. mai:

1. Emilie Dromnes-Roksvåg
2. Jostein Krutvik
3. Sara Ramsvik
4. Brage Strømmen
5. Jonas Torset

Gullstein kirke 9. mai:

1. Tuva Meland Sagvik
2. Runa Aurora Helgesson Nordgård

Stemshaug kyrkje 14. mai:

1. Ramona Elksnite
2. Ingrid Kjørsvik Isaksen
3. Henrik Bones Kjørsvik
4. Ivar Ledal
5. Kevin Wessel
6. Jonas Wigum
7. Kaja-Malene Bakk Waagø
8. Oda Husby (sokner til Aure)
9. Vegard Sletta (sokner til Aure)
10. Sverre Østgaard Ulfsnes (sokner til Aure)

Kaffepraten med Lars Barlaup

Ein tidlegare pensjonist



Sidan 2012 har han vore vikar som kyrkjegardsarbeidar, med ansvar for å grave gravene. Du kan òg ha sett han i traktor medan han brøyter snø, eller hjelper til med slåttonna. Lars Barlaup (81 år) er ein aktiv mann.

Er du ein pensjonist?
- Dei seier det, ja, men eg arbeider framleis litt. No er det siste våren eg har ansvaret for å grave til graver på kyrkjegarden, seier Lars.

Vi møter Lars heime på Gresset, kring 3,5 km innover Aursundet frå Aure sentrum. Det er laurdag, og langrennsløparane har akkurat kome i mål på femmila i Holmenkollen. No er det hopp som blir vist på fjernsynet.

- Eg var i Holmenkollen under VM i 1966. Det var så mykje tåke, at vi nesten ikkje såg hopparane. Vi berre høyrde smellet frå då dei landa, fortel Lars.

Livet på Gresset
Lars Barlaup vart fødd i september 1944, og vart oppkalla etter farfaren sin, Lars. Han vaks opp på Gresset, saman med foreldra Gunhild og Hallgrim, tre søstrer og tre brør. I tillegg hadde han ei syster som døde som baby. På spørsmål om kva han hugsar frå oppveksten på Gresset, er det fleire episodar han fortel om.

- Då eg var to og eit halvt år, måtte onkel Konrad ta meg med til legen, fordi eg hadde fått kaldbrann i ein finger. Legen måtte kutte bort ein bit, fortel Lars, medan han må viser fram peikefingeren så journalisten får sjå. – Då eg var fire år fekk eg ei bjølle heng rundt halsen. Eg trur det var for at dei skulle høyre kor eg var, eg var nok litt over alt. Eg hugsar at eg var ein del ved sjøen, saman med bror Ivar. Vi sa aldri i frå kor vi gjekk. Der fann vi fjøler, og vi prøvde å bygge ein flåte, hugsar eg. Diverre vart det ingen suksess, ler Lars.

Dei var stort sett heim omkring om dagane. I bekken laga ungane demning og sigla med båtar. Lars har heile tida vore interessert i maskiner av ulike slag. Ein gong grov dei kanal med wire-maskin på Gresset, då vart Lars inspirert.

- Det var ei Priestman wire-maskin dei brukte. Då bygde eg meg ei eiga gravemaskin, og fekk til ein mekanikk slik at eg kunne grave i mjuk moll. Eg klipte ut skuffa i aluminium, men tennene heldt ikkje, minnast Lars.

Arbeidslivet
Som 12-åring var han med som dreng hos Kristiane Ormset, som hadde vorte enke. Då måtte han stå på ein krakk for å sele på hesten.

-Eg lurer på om far tok meg med for å vite kor eg var. Eg hugsar vi dreiv nybrottarbeid og rydda stein. Ola Bakka hadde traktor med jarnhjul. Han drog ein slede som vi lessa opp med stein. Det var vanleg å vere med i arbeidet som unge, så eg trur ikkje eg gjorde meir enn andre på den tida, seier Lars.

Som eldst av gutane var arbeidskarrieren bestemt på førehand.

- Eg liker gardsarbeid på sett og vis, men var eg ikkje eldst så hadde eg nok ikkje jobba på gard. Då hadde eg kanskje heller arbeidd med noko innan anlegg, seier Lars. - Men eg var eldste son, så då var det ikkje noko å spekulere i. Eg tok over drifta av garden i 1971.

I åra før det arbeidde han med skogdrift, saman med Magne Vaag.

Sidan 2012 har han altså hatt ansvaret for å grave til gravene på kyrkjegarden. Den oppgåva er det andre som snart tar over. Når Lars har lukka ei grav, tar han alltid ei kort stund ved gravkanten, i respekt for dei døde.

Lars var òg ein av dei som var med å dyrke opp til fellesbeite oppi Klakkan.

Familie
Våren 1960 var Lars 16 år, og dreng på ein ny gard. Denne gongen var han dreng hos Tore Finset. Der, på Finset-garden, var det ei jente Lars la merke til, nemleg Ingvill.

- Eg la litt merke til ho allereie då. Det vart ein liten gnist, kanskje, mimrar Lars.

- Når vart det ein stor gnist, då?

- I 1964 var eg i militæret. Då sende eg brev til Ingvill, og eg fekk rakst svar. Det var eit god teikn, ler Lars.

Ingvill serverer oss kaffe medan vi pratar. Eg ber ho om å beskrive Lars. Svaret kjem kontant. Han er kjøle snill!

3. september 1966 gifta Lars og

Ingvill og Lars på trappa på Finset, truleg frå 1965 og 2015. Foto: Johannes Finset.

Lars Barlaup med sin første grave-maskin

Ingvill seg. Dei har no ni barn, og 32 barnebarn. Eit barnebarn døde tidleg.

- Eg må seie eg er kry av ungane våre, skyt Lars inn.

Engasjert og hjelpsam

Dei som kjenner Lars, beskriv han som lettrørt, kjapp i replikken, veldig praktisk og kolossalt hjelpsam. Han har mellom anna vore engasjert i Aure IL, soknerådet, kommunestyret for KrF, skyttarlaget, bondelaget, Aure misjonshus og i kristne organisasjonar.

- Eg har fått god kontakt med mange folk, og fått mange vener gjennom å engasjere meg. Eg er ikkje ein som satsar mest på å ha ein eller to bestevener. Eg vil heller vere god ven med alle. Av det eg har vore med på, er nok skyttarlaget det artigaste. Eg skulle gjerne hatt meir tid til å drive med skyting, fortel Lars.

Han er ein av fleire som legg ned mange dugnadstimar for å halde Aure misjonshus ved like. Sjølv trur han at han ikkje gjer meir enn andre. Aure misjonshus er heldige som har slike som Lars, som legg ned dugnadstimar for å ha eit godt forsamlingshus.

- Vi hadde jo ikkje bedehus i sentrum før 1967. Eg grov ut tomta då bygginga skulle starte, med ei maskin frå Anders Stormyr. Før huset kom, var det søndagsmøte rundt om på gardane. Det var ikkje mange søndagane det ikkje var møte. Det er skummelt å liste opp kor vi var på møte, då det er fort å gløyme nokon. Eg hugsar i alle fall at vi var på desse stadene: Bjørnholmen, då rodde vi eller vart henta med motorbåt, Breivika, Lunheim, Løfall, Austli, Ormset, hos oss på Gresset, Ivarstua på Torsetnes, Haugen og Fjellheimen, minnast Lars. (De får høyre med Lars eller andre kjentfolk om kor desse stadene er, red. anm.)

Lars liker å vere aktiv. Denne vinteren har han utnytta isen på Ormsetvatnet, med mange skeiseturar. 12 gonger hatt han gått Klakkrennet. Dei to første gongene gjekk eg i lag med Ivar Husby.

-Då hadde vi med oss mykje mat. Vi syntest vi måtte ete opp all maten, og dermed brukte vi så lang tid at passerte maksimaltida. Så eg har gått sakte kan du skrive, humrar Lars.

Trua

Lars vaks opp med kristne foreldre. Sjølv tok han eit val om å byggje vidare på barnetrua på eit møte på Salem i Trondheim. To av brørne til Lars hadde hatt ei akeulukke og var på sjukehus i Orkdal. Medan dei var der budde Lars hos tante og onkel i Trondheim. Dei tok han med på møte med Olav Larsen og Rolf Listrøm.

- Eg har ikkje fortalt om dette møtet til så mange, men det vart eit viktig møte for meg. Det var nok ikkje så mykje utskeiingar heime hos oss. Det måtte i så fall vere at Mari, søstera, deltok i leikarring, spøker Lars. – Trua mi handlar om håpet om evig liv, å få kome til himmelen til slutt. I tillegg er erfaringa mi at eg kan ha eit godt liv på jorda attåt.

Favorittversa til Lars:
«Ho skal føda ein son, og du skal gje han namnet Jesus, for han skal frelsa folket sitt frå syndene deira.» Matteus 1, 21.
For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå tapt, men ha evig liv. Johannes 3, 16

Jan Ove Krutvik

8 favorittar

Årstid: Haust. Då var vi ferdige med onnene, og krøttera var kome inn. Eg liker òg vinteren godt.
Hobby: Å vere på sjøen, og tredreiing.
Mat: Sild, og helst flaksild. Det må då vere feit sild. Småsei og lever om sommarkveldane.
Turmål i Aure: Bergsfjellet
Traktor: Det vekslar litt. No er det Fendt.
Person: Ingvill (kona)
Song / salme: Klippe du som brast for meg.
Bibelvers: Matteus 1, 21 og Johannes 3, 16 (Les tekstene sist i intervjuet).

ÅRETS KONFIRMANTLEIR Impuls

For første gang dro prest og konfirmantlærer sammen med konfirmantene til Trondheim for å delta på Impuls i lag med mange andre ungdommer.

Hva er impuls? Impuls beskriver seg selv som en kristen ungdomsbevegelse som eksisterer for å oppmuntre og utfordre unge mennesker til å elske Jesus. Impuls er tilknyttet Normisjon og står på en evangelisk-luthersk trosbekjennelse og har Guds Ord som utgangspunkt. De jobber økumenisk og i nettverk og forstår seg selv som en del av Guds store kirke.

Leiren ble arrangert på KVT (Kristen videregående skole Trøndelag). Deltakerne bodde på klasserom og møtene foregikk i gymsalen. Det var en helg med mye spennende program, god forkynnelse og masse trøkk i lovsangen. Dette var litt annerledes enn det de er vant med fra gudstjenestene i kirka. Det store høydepunktet var nok natthopping på trampolineparken Rush like ved. Konfirmantene fikk god trim med hopping mens presten fant seg en massasjestol. Mange av konfirmantene gav uttrykk for at de ville tilbake på Impuls neste år også, og det er et godt tegn.

Tekst/Foto: Elisabeth Finset



Lederkurs på Mjuklia

For fyrste gong blei vi med på Lederkurs på Mjuklia leirstad arrangert av NMSU. I haust hadde vi med oss Solveig Hugdal Rørvik som jobbar i NMSU i Trøndelag på mikroleir for konfirmantane. Ho inviterte dei som hadde vore konfirmantar tidligare år på ein lederleir 9.-11. Januar 2026. Fire ungdommar frå Aure blei med på denne leiren. Her var det undervisning om korleis ein kan vere ein leder, med viktige tema som kommunikasjon, grenser og kristen tru.

I tillegg til undervisning var det god mat, sosialt og aktivitetar. Ein av dei kjekke tinga med å være på Mjuklia er at dei har eigen fjos med både geiter og høns. Ein flott plass for ulike type leirer. Presten og konfirmantlærar fekk høyre av menighetsleiarar frå andre kyrkjer om kor hyggeleg og triveleg ungdommane frå Aure var. Kjekt å høyre at ungdommane frå Aure får skryt rundt forbi. Det blei ei fin helg, med læring, nye sosiale og åndeleg fellesskap.

Tekst/Foto: Per Sigve Serheim

Babysang:

I 2026 har vi hatt tre fine samlinger med babysang. Den 4.mars var vi så heldige å få komme på besøk på Solbakken, til glede for store og små.
Datoer for resterende samlinger for babysang er:
25.mars
15.april
20.mai
Velkommen!

Prestens hjørne

CS Lewis sa eg trur på kristendommen på same måte som eg trur at sola har stått opp, ikkje berre fordi eg ser ho, men fordi gjennom henne ser eg alt anna.

Han hadde lenge tvilt på kristendommen, men fekk hjelp av ein kamerat med navn JRR Tolkien til å undersøke på evangelia. Etter det vart han overtydd om at det Det nye testamentet fortalte, ikkje berre hadde rot i røynda, men at det gav djup meining og innsikt for alle andre sider av livet.

Lewis hadde alltid likt historier om guder som dør og står opp igjen, han hadde alltid likt historier om riddarar som redder prinsesser. Han likte alle desse historiane men tenkte dei var, som han sa, lygn pusta gjennom sølv. Etter samtalen med Tolkien forsto han at alle gode historier har sitt mål i historia om Jesus. Han er Gud som dør og står opp igjen, han er helten som dreper dragen, han er ridderen som berger prinsessa.

Nå i påsketida kan du få sjå di historie i lys av fortellinga om Jesus. Kanskje ligner historia di Peter si om svik, Pilatus si om feighet, Maria si om sorg, eller fangen på korset si om ny sjanse. Same kva di historie er, kan du finne ho oppfyldt i historia om Jesus. Han er sola som kan lyse opp heile ditt liv.

Per Sigve Særheim

50-årskonfirmantar

50-årskonfirmantar Stemshaug:

1.rekke frå v
Gunn Jorun Sjøli, Mary Skar, Nils Swensson, Synnøve Norheim, May Ellinor Ulfsnes

2.rekke frå v
Sigurd Bakk, May Britt Aasgård, Sigrun Eide, Åge Hjelen

3.rekke frå v
Inger Wigum, Bård Arne Kalland, Svein Ove Skog, Helge Eidem, Solveig Ragna Dromnes

50-årskonfirmanter Tustna:

Nederst f.v. Bjørg Ingrid Width, Jorunn Pauline Inderberg, prest Per Gundersen, Ann Kristin Fugelsnes , Nora Ellen Karlsvik

2.rekke f.v. Reidar Oddbjørn Alsvik, Kåre Artvåg, Olav Helge Leren, Ildri Myhren, Tor Atle Follestad, Peder Konrad Jektvik.

3. rekke f.v. Bjørn Iver Soleim, Oddbjørn Egil Naustvoll, Sivert Helge Jørgenvåg, Øyvind Borge, Arne Utne.

50-årskonfirmantar Aure:

1 rekke frå v. Dagrun Karin Kallandsvik, Anne Lise Vaag, May Britt Sæterbø, Jorunn Frøydis Eikrem, Dagrun Hjelen.

2 Rekke frå v. Malmfrid Kjellaug Bakk, Gro Åsebø, Randi Johanne Gjerde, Berit Marie Ertvaag, prest Nils Swensson, Britt Marie Hjelen, Bente Fævelen, Marit Ås, Maria Todal

3 rekke frå v. Aud Helen Bergem, Berit Jorunn Torset, Helen Skogan, Bente Helene Ormset, Ingeborg Målfrid Skogset, Marit Sofie Todal, Kjellaug Engdal, Anne Kristin Torset, Paula Gunnvor Bjøring

4 rekke frå v. Knut Johan Kjønnøy, Leif Erik Kvam, Dagfinn Åkvik, Svein Arne Stormyr, Hallgeir Grønning, Nils Petter Westgaard

5 rekke frå v. Oddbjørn Kalvik, Idar Arild Mæle, Odd Arild Åkvik, Magne Olav Rabben, Pål Rune Vik, Arve Løvaas

Påskevandring i Bibelen

Sjølv om dei fleste av oss kjenner til brotstykke av påskehistoria, er det ikkje lett å sjå ho i samanheng. Det skuldast mellom anna at dei fire evangelistane Matteus, Markus, Lukas og Johannes gjev kvar si skildring av ho. Dei motseier ikkje kvarandre, men utfyller kvarandre.

Vi held oss her mest til evangelisten Markus (Mark.), men utfyller noko med Lukas (Luk.) og Johannes (Joh.). To hendingar som ikkje høyrer til sjølve påskehistoria, er òg med: 1: oppvekkinga av Lasarus, noko som gav det endelege støtet til avgjerda om å ta Jesus av dage, 2: himmelfarten, som skjedde 40 dagar etter oppstoda.

Det er eit "storarbeid" å lese alt på ein gong. Men om du tek for deg dei tre første tekstane på "palmelaurdag", held fram med dei tre neste på palmesøndag osb. er du stort sett i mål andre påskedag. God vandring!

Asbjørn Barlaup

Jesus vekker opp Lasarus (Joh. 11,1-46)
Avgjerda om å ta Jesus av dage (Joh. 11,47-57)
Første salvinga i Betania (Joh. 12,1-11)
Inntoget i Jerusalem (Joh.12,12-19; Mark. 11,1-11)
Det ufruktbare fikentreet (Mark. 11,12-14 og 20-21)
Reinsinga av templet (Mark. 11,15-19)
Enka som gav alt ho åtte (Mark. 12,41-44)
Andre salvinga i Betania (Mark. 14,3-9)
Judas avtalar å svike Jesus (Mark. 14,10-11)
Feiringa av påska (Mark. 14,12-21)
Innstiftinga av nattverden (Mark. 14,22-25)
Fotvaskinga (Joh. 13,3-15)
Judas går ut for å svike Jesus (Joh. 13,21-30)
I Getsemane (Mark. 14,32-42)
Jesus blir gripen og dømd (Mark. (14,43-65)
Peter fornektar Jesus (Mark. 14,66-72)
Jesus for Pilatus (Mark. 15,1-19)
Mot Golgata (Mark. 15,20-23)
Korsfestinga (Mark. 15,24-32)
Jesu sju "ord" på korset:
Far, tilgjev dei, for dei veit ikkje kva dei gjer (Luk. 23,34)
I dag skal du vere med meg i Paradis (Luk. 23,43)
Kvinne, sjå, det er sonen din ... Sjå, det er mor di (Joh. 19,26-27)
Min Gud, min Gud kvifor har du forlate meg? (Mark. 15,34)
Eg tørstar (Joh. 19,28)
Det er fullbrakt (Joh. 19,30)
Far, i dine hender overgjev eg mi ånd (Luk. 23,46)
Gravlegginga (Mark. 15,42-47)
Jesu oppstode (Mark.16,1-7)
Emmausvandrarane (Mark. 16,12; Luk. 24,13-35)
Himmelfarten (Luk. 24,50-53)

LITEN SOMMERJOBB FOR UNGDOM

Aure kirkelige fellesråd har fått tilskudd fra Kirkerådet for å tilby sommerjobb for ungdom. Formålet med disse midlene er at menigheter i Den norske kirke skal legge til rette for at ungdom kan få erfaring med kirkelig tjeneste og kirken som arbeidsplass. Menigheten må sikre at ungdommene opplever at de er en del av et arbeidsfellesskap, selv om de også kan være alene på jobb.

Beskrivelse av sommerjobb

- Være vert og guide på «Åpne kirker» i hele kommunen enkelte dager i juli 2026.
- Delta som kirkevert på gudstjenestene i sommer.
- Samtale i møte med besøkende på gravplassen.
- De vil få et innblikk i hvordan kirken fungerer i lokalmiljøet.
- Videre vil de få møte alle i staben og besøke alle arbeidsplassene i kirken.

Kirketjener vil være med på opplæring og ha ansvar for ungdommene. De vil få utdelt brosjyrer om kirkebygget til guiding. Videre vil de få opplæring i hvordan kirkevertene jobber under gudstjenester. Oppgaver som guiding, kirkeverter, og møte med pårørende ute på gravplassen, vil gi den enkelte innsikt i hva kirken er, og hvilke tjenester vi tilbyr.

Søknad sendes jb786@kirken.no innen 30.04.26

Kirkevergen

SJØSIDEN FRISØR

Bente L. Kristiansen Istad
Mjosundet
Telefon 479 55 426

coop vikhals

Dagligvarer, bensin, diesel

6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45

Vi arrangerer

* Barnedåp
* Konfirmasjon
* Bryllup
* Bursdager
* Minnesamvær
* Catering

AURE GJESTEGÅRD

Tlf 716 46 238

SL MASKIN A/S
www.slmaskin.no

LEDIG PLASS FOR NY ANNONSØR

Blomster og gaver i Aure!

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!

Vi leverer alt til begravelser i Aure og Stemshaug. Frakt kr 50,-

ÅPENT
ma-to 10-17
Fre 10-18
Lør 10-15

Velkommen til Vihals
Flora Idé AS
– Jøran Ulfsnes-Skar –
gartner og dekoratør
Tlf 716 46 500 – 926 81 668

BUNNPRIS

Aure
09 - 22 (20)
Tlf 71 64 62 70

Nybygg, rehabilitering, mur- og betongarbeider, puss- og flisarbeider, kjerneboring, betongsaging, graving.

Glomstad Bygg as
6690 Aure Tlf. 71 64 66 60

Klær Strand AURE

Skipnes Mek. Verksted AS
NEW HOLLAND
6697 Vihals
Tlf 71 64 56 41
Faks 71 64 56 67
Mobil 957 90 708

AURE BIL OG FRITID

Din naturlige samarbeidspartner ved kjøp og service på:

- Bil
- Båt og båtmotor
- Caravan
- ATV
- Tilhenger
- Skog- og hageprodukter
- Verksted for bil, caravan, marine, ATV, landbruk, småmaskiner, EU-kontroll + + +
- Bilpleie
- Karosseri/lakk

Ta Kontakt med oss for en hyggelig handel.

Tlf: 48 48 83 48
E-post: post@aurebilogfritid.no
Nettside: www.aurebilogfritid.no
Facebook: Aurebilogfritid

Fellesrådet sitt arbeid i 2025:

Fellesrådet har i 2025 hatt 5 møter og handsama 37 saker og 33 referatsaker

Aure

Kyrkja

- Tatt bort 2 nye benker ved kaffekrok
- Flytta mixebord til andre sida på galleri
- Ferdigstilt maling innvendig i kyrkja

Gravplass

- Grusing av inngangsveg til kyrkja
- Fjerne skog og kratt mot sjøen
- Sletting av graver og fjerning av gravminne.
- 27 stellavtalar og 2 vatningsavtalar

Folde gravlund

- 2 stellavtalar

Gullstein

Kyrkja

- Nytt sikringsskap, ferdigstilleles rep. El.anlegg
- Investert i skjerm og stativ til framvising

Gravplass

- Sletting av graver og fjerning av gravminne.
- 17 stellavtalar

Stemshaug

Kyrkja

- Reparasjonar av el-anlegg og sikringsskap i h.h. til el-kontroll
- Utskifting av ledingar til lydanlegg
- Montering av varmepumpe
- Reparasjon av takrenner nedre tak, samt nokre taksteinar

Gravplass

- Sletting av graver og fjerning av gravminne.
- 7 stellavtalar

Prosjekt som skal utførast i 2026

- Innvendig vindauga i kyrkjeskip Aure
- Maling av Gullstein kirke
- Påbygg nytt inngangsparti Stemshaug kyrkje
- Namna minnelund Stemshaug
- Fellesrådet skal også investere i graveutstyr, og vil ta over arbeidet med opptak av grav frå 01 juni.

kyrkjeverja

Sokneråda sitt arbeid 2025

Tenester	2024	2025
Forordna gudstenester:	55	49
Andre gudstenester:		
Av dette gudstenester utanom søn-/helgedag:	11	6
Barnedåpar:	28	14
Konfirmantar:	29	22
Vigslar:	4	7
Gravferder:	29	30
Konsertar/ Songkveldar:	5	4

FORSØPLING

Vi synes det er flott og verdig at pårørende steller gravene på gravsteda våre med blomster, kranser og lys. Det som sikkert mange ikke tenker på er at veldig mye av det som blir plassert ved gravene senere blir spredd av vær og vind.

Dette medfører forsøpling både på og rundt gravplassen.

Vi samler inn store mengder avfall hvert år, og bildet viser en trillebåre med et lass vi samlet inn på bare én dag nå etter vinteren.

Vi ønsker at dere som steller på graver, også kan komme tilbake etter en stund å ta bort gamle kranser, buketter og lys som er forfalt og er blitt til avfall.

Gravplassforvaltingen

Livets gang

Aure kyrkje

Døypte:
15.02.26 Hedda Vaag Torset

Døde:
16.12.25 Marie Lillian Torset f. 1947
06.01.26 Nelly Haldora Strand f.1928
15.01.26 Målfrid Engdahl Våg f.1943
10.02.26 Oddrun Vaag f. 1931
13.02.26 Ole M. Torset f.1956
15.02.26 Magda Engdahl f.1937

Gullstein kirke

Døypte:
24.01.26 Pernille Næss Husteli

Døde:
03.12.25 Ruth Harriet Bjerkelund f.1950
14.12.25 Gurine Stranden Roksvåg f.1935
02.01.26 John Gunnar Bekken f. 1951
22.02.26 Per Ingolv Hamnes f.1944

Stemshaug kyrkje

Døypte:
11.01.26 Håkon Settemsdal Torstuen
08.02.26 Artur Fævelen
15.03.26 Emil Haltbakk Glomstad
15.03.26 Peder Hjelen Stenberg

Vigde:
15.03.26 Mari Olsdatter Hjelen og Halvard Stenberg

Døde:
05.12.25 Torger Ulfsnes f. 1934
10.12.25 Per Havnvik f. 1936
15.01.26 Ola Kjørsvik Mjønes f. 1942
31.01.26 Gerd Ragnhild Dromnes f. 1943
13.02.26 Jan Gunnar Håker f. 1955
10.03.26 Oddfrid Ledal f. 1944

Vareminnesider.no – dødsannonsar frå heile landet

GÅVER TIL KYRKJELYDEN

Dersom nokon har lyst til å gje ei gåve til arbeidet i kyrkjelyden, er det høve til det. Dette kan være minnegåve eller ønskje om å støtte frivillig arbeid, som t.d. barne- og ungdomsarbeid eller besøksteneste.

Kyrkjelydsarbeidet i Aure sokn/ barne - og ungdomsarbeid
***3930 18 13493 Vipps: 119778**

Kyrkjelydsarbeidet i Stemshaug sokn/ barne - og ungdomsarbeid
***3930 18 13523 Vipps: 119784**

Menighetsarbeidet i Tustna sokn/ barne - og ungdomsarbeid
***3930 18 13531 Vipps: 119785**

Aure Blomsterfond (til å gjere kyrkjer og kyrkjegardar finare)
***3930 18 17049**

Stemshaug Blomsterfond (til å gjere kyrkjer og kyrkjegardar finare)
***3930 18 17138**

Diakoniutvalet
***3930 18 16980 Vipps: 611293**

Kyrkjemusikalsk arbeid
***3930 18 17014**

Konfirmantarbeidet
***3930 18 17022**

Menighetsbladet
*** 3930 18 17065 Vipps: 611170**

Kontaktinformasjon

Adresse:
Aursundsvegen 147
6690 Aure
post@aurekyrkje.no

Kyrkjekontoret, Aure
Tlf: 71646251
Kontortid:
Ty-, to-, og fredag
kl 0900-1300
www.aurekyrkje.no

Telefonar:
Kyrkjeverje:
Judith Bjørk:
924 35 280

Prestevikar:
Per Sigve Særheim: 984 02 568

Organist:
Alex Kurbanov:
924 30 113

Kyrkjetenar / Gravplassarbeidar
Roger Steen:
468 62 240

Kristian Husby:
942 79 958

Reinhaldar: Kari Anita Kallandsvik

Dordi Signe Oldervik
479 75 472

Menighetspedagog/sekretær
Vikar: Ingunn Lundø: 479 75085

Menighetspedagog
Elisabeth Finset: 479 75 085

Bladstyre:
Ingrid Aukan: 943 66 957
Asbjørn Barlaup: 482 37 889
Miriam Finset Ingvaldsen: 918 11 325
Marit Klungen, Jøran Ulfsnes-Skar,
Gunn Randi Fossland og
Judith Susanne Bjørk.

Menighetsbladet kontonr.
3930.18.17065

VIPPS: 611170

Trykk:
bk Fagtrykk

Gudstenester

Med atterhald om endringar – følg med i aviser og oppslag og på nettsida www.aurekyrkje.no

29.03.26	**12:00**	**Skihytta i Foldfjorden**	**Friluftsgudstjeneste**	**Palmesøndag**
02.04.26	**12:00**	**Tverrbotn**	**Friluftsgudstjeneste**	**Skjærtorsdag**
03.04.26	**19:00**	**Gullstein kirke**	**Pasjonsgudstjeneste**	**Langfredag**
05.04.26	**11:00**	**Aure kyrkje**	**Høgtidsgudstjeneste**	**1. påskedag**
06.04.26	**19:00**	**Stemshaug kyrkje**	**Påske i ord og toner**	**2. påskedag**
19.04.26	**11:00**	**Stemshaug kyrkje**	**Familiegudstjeneste**	**Tårnagent**
02.05.26	**11:00**	**Aure kyrkje**	**Konfirmasjonsgudstjeneste**	
09.05.26	**11:00**	**Gullstein kirke**	**Konfirmasjonsgudstjeneste**	
14.05.26	**11:00**	**Stemshaug kyrkje**	**Konfirmasjonsgudstjeneste**	
17.05.26	**11:00**	**Aure kyrkje**	**Festgudstjeneste**	**17. mai**
24.05.26	**11:00**	**Aure kyrkje**	**Festgudstjeneste**	
07.06.26	**11:00**	**Gullstein kirke**	**Høgmesse**	
14.06.26	**11:00**	**Stemshaug kyrkje**	**Høgmesse**	
21.06.26	**11:00**	**Aure kyrkje**	**Høgmesse**	

Det grønne hjørnet

«Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord og atter som eit under nytt liv av daude gror.» Tekst: Elias Blix. Melodi: L.M. Lindemann. En av mine absolutte favoritter når det kommer til vårens sanger! Etter en lang og kald vinter er det atter håp om en ny vår. Og kanskje blir den tidlig!? I alle fall kom tjelda og stæren tidlig på Skarsøya. Registrerte stæren 3. Mars og Tjelda i slutten av februar på sin vante plass på Vihals. Sola er kommet de aller fleste plasser og hjelper på med tining av telen som mange plasser er 70-80 cm, ja kanskje mer. Er det snøfritt kan en allerede nå starte med litt hagearbeid. Finn gjerne fram ei god rive, gjerne jernrive, og gi gressplenen litt luft. Rak så hardt du klarer og fjern gammelt gress, løv, kvist osv. Er det lenge siden du har tilført kalk så gi gjerne en runde med det. Trengs ikke hvert år. Ellers der det er snøfast kan du strø ovnsaske for å fremskynde snø og issmelting. Aske inneholder også kalk og kan legges rundt peoner, syrinbusker, kristtorn og andre kalkelskende planter. Frukt og bærbusker kan du nå beskjæres og stauder kan klippes ned. Rosebusker kan det lønne seg å dekke til med strie eller lignende, for å unngå uttørking og solsviing, og vent litt med å beskjære disse. Vann/dusj gjerne rododendron om det er tørt og lite nedbør fra oven. På gravstedene kan du nå rydde og kanskje plante noen påskeliljer/ potteliljer, vårlyng og etter hvert stemorsblomster. Ønsker alle en riktig fin vår! Ut og nyt

Jøran Ulfsnes-Skar

Returadresse:
Menighetsblad
v/ Aure kyrkjekontor
Aursundvegen 147
6690 Aure

NORGE P. P.
posten

Døpte:

Dåpsbarn Ane Goa Torstuen - Stemshaug kyrkje 23.11.25

Dåpsbarn Artur Fævelen - døpt i Stemshaug kyrkje 08.02.26

Dåpsbarn Hedda Vaag Torset og gu'mor Aina - Aure kyrkje 15.02.26

Dåpsbarn Pernille Næss Husteli - Gullstein kirke 24.01.26

Dåpsbarn Håkon Settemsdal Torstuen - døpt i Stemshaug kyrkje 11.01.26

Vårdugnader 2026

Aure: Torsdag 23.april kl 17.00

Stemshaug: Laurdag 9.mai kl 11.00

Gullstein: Tysdag 5.mai kl 17.00